



› 6 Barn, familie og helse

Eining barn, familie og helse yter tenester innan ramme 6. Eininga gir tenester til barn, unge og familiar. Tenester som vert ytt innan ramma er [legetenesta](#), [kvardagsrehabilitering](#), [fysio/ergo](#), [logoped](#), [psykisk helseteam barn og unge](#), [PPT](#), [barnevernteneste](#), [flyktningteneste](#), [helsestasjon](#), [jordmorteneste](#) og [skulehelseteneste](#). I tillegg ligg tildelingskontoret for helse og omsorg i denne ramma.

Teneste	6 BARN, FAMILIE, HELSE	Regnskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
	Alle tal i heile 1000						
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	-	-	-1 028	-1 028	-1 028	-1 028
2111	STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	1 671	2 213	1 649	1 649	1 649	1 649
2120	GRUNNSKOLE	2 582	2 027	2 790	2 790	2 790	2 790
2130	VAKSENOPLÆRING	795	271	316	316	316	316
2320	FØREBYGGING HELSESTASJONS- OG SKULEHELSETENESTE	5 888	5 916	5 616	5 974	5 974	5 974
2330	FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	670	707	754	754	754	754
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	3 314	18	1 201	1 201	1 201	1 201
2410	DIAGNOSE OG BEHANDLING	9 188	8 376	11 223	11 223	11 223	11 223
2411	FYSIO-/ERGOTERAPITENESTE	4 746	3 823	4 203	4 581	4 581	4 581
2412	PSYKISK HELSEVERN	1 562	1 710	1 737		1 737	1 737
2413	FRISKLIVSSENTRAL	30	95	-	-	-	-
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	-111	-72	-72	-72	-72	-72
2421	FLYKTNINGKONTOR	-	-	1 242	1 242	1 242	1 242
2440	BARNEVERNTENESTE	4 640	4 881	4 932	4 932	4 932	4 932
2510	BARNEVERNTILTAK I FAMILIEN	1 626	1 185	1 383	1 383	1 383	1 383
2520	BARNEVERNTILTAK UTANFOR FAMILIEN	7 418	6 818	5 617	5 617	5 617	5 617
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	-	-	3 280	3 280	3 280	3 280
2750	INTRODUKSJONSORDNINGA	-	-	3 793	3 793	3 793	3 793
	Sum Rammeområde 6	44 018	37 968	48 636	49 372	49 372	49 372

[Tildelingskontoret](#) og [flyktningtenesta](#) vart flytta frå ramme 7 til ramme 6 per 1. juli 2019, og er mellom anna ei årsak til auke i budsjettet. Flyttinga utgjer om lag kr 8 mill. Legetenesta har auka budsjettet med om lag kr 3 mill frå 2019, dette grunna korrigering og justering til dagens behov og nivå. Om lag 30% av innbyggjarane er mellom 0-20 år, denne veksten

påverker tenestene i eininga i særst stor grad. Det vert lagt stor vekt på tverrfagleg samarbeid både internt og ovanfor andre sektorar. Det er framleis nasjonal satsing på helsestasjon/skulehelseteneste og barnevern. For desse tenestene får vi tilskot frå stat og fylkesmann for å auke opp bemanninga. Psykisk helse og rus er også satsingsområde, her kan vi mellom anna søkje tilskot til utviklingsprosjekt. Psykolog er lovpålagt frå 2020. Vidare er satsing og fokus på kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi stor. Frå 2020 skal alle kommunar tatt i bruk velferdsteknologi i helse og omsorgstenestene. Giske kommune har hatt stor fokus på dette dei siste fire åra og har kome langt i arbeidet.

4.2 Utfordringsbilde

- Eininga har kutta i fleire tenester, med til saman 4,2 årsverk. Utfordringa vert å klare å levere lovpålagte tenester med denne reduksjonen. Ytterlegare kutt vil føre til at vi må legge ned tilbod og oppgåvene må ev overførast til andre tenester. Tilbodet til brukarane vil bli redusert og mange vil ikkje få tilbod om tenester. Andre tenester innan organisasjonen får konsekvens av kutt i eininga, til dømes innan omsorg og oppvekst.
- Rekruttering av tilsette med naudsynt kompetanse, som må kunne løyse stadig fleire oppgåver i mindre fagmiljø.
- Oppgåver som blir overført frå Helseføretaket til kommunalt nivå, gjer at vi må yte meir spesialiserte oppgåver. Vi må yte meir til fleire.
- Digitalisere vidare og ta i bruk dei verktya vi allereide har.
- Fastlegeordninga er i endring og rekruttering av fastlegar er ei utfordring.
- Leverer lovpålagde tenester innafor budsjettamma.
- Halde lovpålagde fristar i barnevernstenesta og PPT.
- Nødvendige omstillingsprosessar skal gjennomførast med få leiarressursar. Omstillingsprosessar krev tett oppfølging og avdelingsleiarane må arbeide med omstilling og samstundes følgje opp brukarane.

4.3 Tenesteområde

Tenesteområde	Tal brukarar 2018	Tal brukarar per 14.10.2019	Årsverk 2019	Årsverk 2020
PPT inkl. logoped	PPT 208, Logoped 103	PPT 233, Logoped 113	5	5
Helsestasjon og skulehelseteneste, inkl. jordmorteneste	2 129	Helsestasjon 2500, 78 jordmor (ventar 102 nyfødde i 2019)	7,5 fast, 2,8 engasjement dekkja av tilskot	7,5 fast, 2,8 engasjement dekkja av tilskot
Diagose og behandling	7 500	7 720	8 fastlegar, 1 turnslege (2,58 kommunalt tilsett)	8 fastlegar, 1 turnslege (2,58 kommunalt tilsett)
Frisklivssentral	20	20 (avslutta 1.7-19)	0 frå 1.7-19	0
fysio/ergo inkl. kvardagsrehabilitering	Fysio/ergo: 223, kvardagsrehab: 138	Fysio: 144, Ergo: 77, Kvardagsrehab: 83	6,6	6,6
Psykisk helseteneste barn og unge	120	98	2 frå 1.7-19	2
Barnevern og barnevernstiltak	116	92	8	7
Tildelingskontor			4,6	4,6
Flyktningteneste	81	79	1,63	1,63

4.4 Oversikt tal årsverk i eining barn, familie og helse

Teneste	2019	2020	Merknad
PPT, logoped	5	4	Kutt 1 årsverk 2020
Helsestasjon, jordmor	7,5	7,25	
Legetenesta	2,58	2,58	
Fysio/ergo/kvardagsrehab	7,8	6,8	Kutt 1 årsverk frå 1.7-19
Psykisk helseteam barn/unge	3	2	Kutt 1 årsverk frå 1.7-19
Barnevernstenesta	8	7	Halde vakant stilling om mogleg
Frisklivssentralen	0,2	0	Kutt frå 1.7-19
Tildelingskontor	4,6	4,6	
Flyktningteneste	1,63	1,63	
Einingsleiar	1	1	
Totalt årsverk	41,08	37,04	

4.5 Styringskort og styringsindikatorar

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultat 2018	Resultatmål 2019	Resultatmål 2020
Brukarar	Opplevd god kvalitet barnevernstenesta.	Brukarundersøking. Halde snitt i Noreg innan andel barn med barnevernstiltak, fristbrot i undersøkingssaker.	Barnevernstenesta nådde ikkje målet om 0 fristbrot		Gjennomført brukarundersøking og gjennomgått resultat. Plan for iverksetting av tiltak.
	Kapasiteten i fastlegeordninga skal vere tilstrekkeleg til å sikre alle innbyggjarar fastlege gjennom heile 2020	Det er tilsett fastlegar i alle stillingane.		Vi hadde utfordring med å tilsette i 2 ledige stillingar. Måtte nytte vikarlege i ein kort periode.	Det er tilsett fastlege i alle fastlegeheimlane.
	Betre koordinerte tenester	Utarbeide retningslinjer for gjennomføring av tverrfaglege møte og koordinatorrolla. Delta og følgje opp arbeid i prosjektet "betre tverrfagleg innsats". Felles verktøy for individuell plan og individuell opplæringsplan		Vi har starta opp felles kommunikasjonsverktøy med oppvekst, stafettloggen. Vi har felles prosjekt Betre tverrfagleg innsats.	Brukar, pårørende og tenestene opplever at tenestene heng saman og er godt koordinerte. Brukarane har koordinator. Vi har felles målsetjing og har etablert felles verktøy for tenestene som samarbeider.
	Sjølvhjelpsverktøy til ulike brukargrupper	Vi har etablert bruk av sjølvhjelpsverktøy			Vi har tatt i bruk sjølvhjelpsverktøy
	Digitale søknader til omsorgstenestene	Digital søknad er på plass innan 2020.			Vi har etablert digital søknad til tenestene innan omsorg.
Medarbeidarar	Kompetanseutvikling i alle tenester	Kompetanseplan		Kompetanseplan er under arbeid	Kompetanseplan er utarbeidd
	Sjukefråvær skal ikkje overstige 5%	Følgje opp fråværsstatistikk, rapportere. Setje i verk nødvendige tiltak. Følgje opp NED med sjukefråvær.	2,3 %	Gjennomsnitt 2019 pr. august: 7,8%	Sjukefråvær 5%
	Auke kompetanse innan bruk av teknologiske verktøy og digitalisere fleire prosessar	Nytte fullt ut dei verktøya vi har. Ta i bruk sjølvhjelpsverktøy. Digitalisere fleire prosessar.	Mobilt barnevern, fullelektroniske fagsystem,		Vi har god gevinstrealisering av dei verktøya vi har. Etablert sjølvhjelpsverktøy. Digital søknad til omsorgstenestene.
Økonomi	Betre koordinering av tenester og tydlegare prioritering	Utarbeiding av rutinar			Rutiner er utarbeidd
	Rutiner for månadsvis rapportering frå avdelingsleiar	Månadsrapport		Under arbeid	Rutiner for månadleg rapportering til einingsleiar er innført
	God økonomistyring	Avvik i % av vedtatt netto driftsramme	> 7,71 %	≤ 0	≤ 0